



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Steffen Nordang
Norangdal
6196 Norangsfjorden

Vår dato: **22 AUG 2013**
Vår ref.: NVE 201003460-32 ksk/stp
Arkiv: 312/097.4Z
Dykkar dato: 08.01.2013
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Steinar Pettersen

Steffen Nordang m.fl. – Søknad om løyve til utbygging av Holåa kraftverk i Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylke. NVE sitt vedtak.

NVE har vedteke å avslå søknaden om løyve til bygging av Holåa kraftverk. Grunngevinga for vedtaket er at det planlagde kraftverket vil kome i konflikt med verneverdiar i den verna Norangselva. Konsesjon kan ikkje bli gitt dersom utbygging er i strid med verneverdiane, jf. vassressurslova § 34 og 35, 1. ledd, post 5 og 8.

Bakgrunn

Den 30.6.2010 mottok NVE ein søknad om løyve etter vassressurslova § 8 til å bygge Holåa kraftverk i Holåa, som er ei sideelv til Norangselva.

Norangselva, vassdrag nr. 097.4Z, inngår i Verneplan for vassdrag, og blei verna i Verneplan I i 1973. Vassdraget ligg i Ørsta kommune, og har utløp i Norangsfjorden, ei sidearm av Hjørundfjorden. Vassdraget strekkjer seg frå bre til fjord, og har stort naturmangfald knytt til skred- og elvelaupsformer, aktive prosessar, geomorfologi og landformar. Det er store verdiar knytt til friluftsliv og kulturminne. Vassdraget er ikkje tidlegare nytta til kraftproduksjon.

I St.prp. nr. 75 (2003-2004), "Supplering av verneplan for vassdrag", ble det foreslått å opne for konsesjonsbehandling av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW i verna vassdrag. Dette blei vedteke av Stortinget den 18.2.2005, jf. vedtak nr. 240. Ein klar føresetnad for å gi løyve er likevel at verneverdiane ikkje blir svekka, jf. § 35 punkt 8 i vassressurslova. Holåa kraftverk er planlagt med ein installert effekt på 0,99 MW.

Planlagt utbygging

Grunneigarane søker om løyve til å bygge Holåa kraftverk, som vil nytte eit brutto fall på 365 m mellom kote 390 og 25. Inntaket skal byggast som ein lav betongplatedam på 3-4 m høgd med ei breidd på om lag 20 m. For å avgrense omfanget av konstruksjonar, vil ein i størst mogleg grad grave ut/sprenge naudsynt volum bak dammen. Frå inntaket skal det leggjast ei røyrgate med diameter 400 mm med lengde på om lag 1200 m. Røyrgata er planlagt på austsida av elva, og skal gravast ned på heile strekninga.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr. NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Planlagt installert turbineffekt i kraftverket er 0,99 MW og gjennomsnittleg årsproduksjon er berekna til 5,38 GWh. Maksimal slukeevne er planlagt til 321 l/s, som tilsvarar 65,5 % av middelvassføringa. Minste slukeevne vil bli 35 l/s. Det er føresett slepp av minstevassføring tilsvarande 5-persentil sesongvassføringar, dvs. 120 l/s i sumarsesongen og 20 l/s i vintersesongen.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden blitt sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar for uttale.

NVE har mottatt følgjande fråsegn til søknaden:

Ørsta kommune tilrår konsesjon, men meiner inntaket bør flyttast nedom fossen ved munninga av juvet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fremjar motsegn til utbygging av Holåa. Dette blir grunngitt med konsekvensane for biologisk mangfald og landskap, og av omsyn til eit prioritert inngrepsfritt naturområde. Det må samla sett også vurderast opp mot at vassdraget er verna mot kraftutbygging.

Møre og Romsdal fylkeskommune peiker generelt på at Hjørundfjorden er i utvikling i reiselivssamanheng, og at det er viktig at ein ved etablering av småkraftverk legg vekt på det visuelle uttrykket i naturen og kulturlandskapet, der vassdrag og fossar utgjer ein viktig del. Dette må det leggjast vekt på dersom det blir gitt konsesjon, men også kva verknad anleggsinngrep som t.d. vegskjeringar og rørgater i dagen vil få. Det er avgjerande at Hjørundfjorden ikkje blir skada som reiselivsmål.

Fylkeskommunen peiker som vassregionmyndigheit på at ein må leggje vekt på å avgrense negativ påverknad av utbygging etter § 12 i vassforskrifta, med særleg vekt på anadrome elvestrekningar. Det er elles stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne ved planlagt kraftstasjon, og registreringar vil vere naudsynt ved ei ev. utbygging.

Fylkeskommunen viser også til at auka produksjon av elektrisk kraft vil gi eit bidrag til betre straumforsyning i fylket og auke andelen fornybar energi. Småkraftutbygging gir auka verdiskaping og gir grunnlag for næringsutvikling og busetnad i distriktkommunar, både for den enkelte og for lokalsamfunnet.

FNF Møre og Romsdal meiner ei utbygging av Holåa må vurderast opp mot kva verknader ei utbygging vil ha for fjordlandskapet på same måte som dei vassdraga som er vurderte i forhold til samla belastning på fjordlandskapet i Hjørundfjorden. Det blir peikt på at Holåa som landskapselement i Hjørundfjorden og Norangsdalen er ein viktig del av opplevingsmangfaldet. Det blir vist til at ei utbygging vil røre ved inngrepsfrie område, biologisk mangfald, landskap og friluftsliv, og rår til at det ikkje blir gitt konsesjon.

Miljøpartiet Dei Grøne er skeptisk til utbygging av Holåa av omsyn til friluftsliv og turisme.

Statens vegvesen har ikkje merknader til søknaden, mens **Tussa Nett AS** og **Istad Nett AS** peiker på planlagde nettutvidingar som inneber at det på sikt vil vere tilstrekkeleg nett-kapasitet for det omsøkte kraftverket.

Noregs vassdrags- og energidirektorat sine vurderingar

Kraftutbygging i verna vassdrag skal ein unngå der utbygging vil svekke verneverdiane i vassdraget, jf. vassressurslova § 35, 1. ledd, post 5. Det må derimot gjerast ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle, der det blir lagt vesentleg vekt på verneverdiane. NVE legg særleg vekt på endringar i vassføringsregimet og naturinngrep i vurderinga av kva verknader ei utbygging vil ha på verneverdiane.

NVE si vurdering byggjer på fråsegnene og informasjon gitt i konsesjonssøknaden med dei to fagrapportane som var lagt ved søknaden: "Konsekvenser for landskap, biologisk mangfold, kulturminner, inngrepsfrie områder og landbruk", og "Konsekvenser for reiseliv og friluftsliv" (notat), begge skrive av Ambio miljørådgiving. Andre kjelder er Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase og NVE sine nettsider som gjeld verneplan for vassdrag, mellom anna rapporten "Verdier i Norangselva, Ørsta kommune i Møre og Romsdal" (Mellby og Gaarder, 1999). NVE meiner det ligg føre tilstrekkeleg informasjon til å fatte vedtak i saka.

Norangselva blei verna i Verneplan I. Vernet gjeld heile vassdraget, dvs. hovudelva med sideelver. Vassdraget er i dag ikkje utnytta til produksjon av vasskraft, og dette er alltid et viktig moment ved vurdering av utbyggingssøknader i verna vassdrag. Intensjonen bak Verneplan for vassdrag var å unnta ein del vassdrag for kraftutbygging, og ein kan berre gi løyve dersom dette ikkje er i strid med vassressurslova § 35.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Middelvassføringa i Holåa er berekna til 490 l/s, og kraftverket er planlagt med ei slukeevne på ca. 66 % av middelvassføringa. Dette inneber at Holåa berre vil ha minstevassføringa tilbake (120 l/s sommer og 20 l/s vinter) i deler av året i normale og tørre år. 5-persentilene sumar/vinter er lagt til grunn for planlagt minstevassføring. Slukeevna blir av NVE vurdert som stor, gitt at Norangselva er eit verna vassdrag. Olje- og energidepartementet skriv følgjande i si klageavgjerd for Råfoss kraftverk, datert 5.1.2012: *"Det er et uttalt mål at vannføringen i et vernet vassdrag skal være variert og gjenspeile naturlige forhold også etter en utbygging."*

I dei løyva som er gitt til nye kraftverk i verna vassdrag dei seinaste åra, ligg slukeevna i all hovudsak mellom 20 og 50 % av middelvassføringa, og den planlagde slukeevna må derfor karakteriserast som høg. I lange periodar, særleg om vinteren og i tørre år, vil elva berre ha minstevassføringa tilbake, og dette kan etter NVE si vurdering vanskeleg sameinast med at vassdraget er verna mot kraftutbygging.

Landskap, kulturmiljø og friluftsliv/reiseliv

Det går fram av kapittel 3.7 i søknaden: *"Fjorden og dalføret byr på store kontraster og er holdt for å være et av de mest særpregede områdene i Møre og Romsdal. Helhetsopplevelsen med jordbruksområde, vakker natur og kulturminner gjør området opplevelsesrikt."* Holåa blir omtalt som eit tydeleg blikkfang som er godt synleg frå Øye. Dette gjeld særleg strekninga mellom planlagt inntak og Konedalen. Holåa utgjer eit fossefall ned i Konedalen, som er eit markert landskapsrom med vill og dramatisk karakter, der fossen er et viktig element.

Norangsdalen og Norangsfjorden er eit av 22 prioriterte kulturlandskapsområde i Møre og Romsdal, og er vurdert å ha nasjonal verdi.

I notatet som er utarbeidd av Ambio miljørådgiving om konsekvensane av ei utbygging av Holåa for reiseliv og friluftsliv er det sagt følgjande:

- Naturen er den viktigaste føresetnaden for reiseliv og turisme i området.

- Holåa er eit av få markerte vassfall i dalen, men er noko underordna Helgåa som opplevings- og landskapselement.
- Norangsdalen har lang tradisjon som reiselivsmål.
- Hotel Union Øye er ein attraksjon og eit reiselivsmål i seg sjølv.
- Fjellet Slogen og Patchellhytta er mykje besøkte turmål. Holåa er godt synleg både frå stien opp frå Øye, og frå toppen.

I den vurderinga som er gjort i søknaden med omsyn til utbygginga sin verknad på landskap, blir det peikt på at inngrepa vil vere av relativt småskala karakter. Det vil ikkje bryte med inngrepsregimet i området elles og berre i moderat grad påverke det preget som landskapet har. NVE har forståing for denne framstillinga, men meiner likevel at det må leggjast større vekt på dei negative konsekvensane av dei føreliggande utbyggingsplanane. Redusert vassføring i øvre del vil vere godt synleg frå Øye, og dette vil også gjelde for røyrгатetraseen i ein del år framover. Inngrepa og vassføringsreduksjonen vil også vere godt synleg for turgåarar til Slogen og Patchellhytta. Sett i lys av vassdragets vernestatus og at vassdraget er urørd av vassdragsutbygging, er dette forhold det må leggjast stor vekt på. Det er også eit viktig moment at Holåa er eit av få markerte vassfall i Norangsdalen. NVE meiner at ein reduksjon av vassføringa som planlagd ikkje er i samsvar med vassdragsvernet.

Naturtypar og biologisk mangfald

I rapporten frå AMBIO miljørådgiving er det omtalt fire verdifulle naturtypar i utbyggingsplanane sitt influensområde. Konedalen utgjør eit juv, og Holåa dannar ein foss til juvet frå aust. Både juvet i seg sjølv, og fossesprøytsone med tilhøyrande fosseeng representerer to naturtypar med middels verdi. I tillegg førekjem mindre velutvikla fossesprøytsoner med meir avgrensa utbreiing vidare oppover mot planlagt inntak. I tillegg er det ein førekomst av ei kalkhaldig myr i den bratte skråninga aust for juvet. Røyrгата er planlagt gjennom myra. Førekomsten er lokalt viktig med liten verdi, men det finst truleg fleire krevjande planteartar.

Miljørapporten konkluderer med at utbygginga vil kunne få middels negativ verknad på bekkekløfta og fosseenga i denne, og stor negativ verknad på myrområdet som røyrгата vil krysse. NVE meiner at den samla verknaden på viktige naturtypar i influensområdet er av betyding for konsesjonsspørsmålet.

Forholdet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova fastset forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem, og lovfester ei rekkje miljørettslege prinsipp, mellom anna føre-var-prinsippet og prinsippet om økosystemforvaltning og samla belastning. Naturmangfaldlova § 7 gir retningslinjer for myndigheiter der det blir gitt løyve til anlegg som vil kunne få betyding for naturmangfaldet. I NVE si vurdering av søknaden om Holåa kraftverk, legg vi til grunn bestemmingane i §§ 4- 5, samt §§ 8-12.

§ 8 – Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapen om biologisk mangfald er basert på den informasjonen som er lagt fram i miljørapporten som søknaden bygger på. Søk i "Artskart" og "Naturbase" dannar også grunnlag for denne.

Naturmangfaldet i området og tiltaket sin påverknad på dette er omtalt over. NVE meiner at kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande når det gjeld naturtypar, men delvis mangelfullt når det gjeld kunnskapen om flora og ornitologi, slik det også går fram av miljørapporten. Manglane i kunnskapsgrunnlaget blir ikkje vurdert å vere vesentleg, då omsynet til naturtypane i tillegg til andre forhold er avgjerande for den konklusjonen som blir trekt.

§ 9 – Føre-var-prinsippet

Føre-var-prinsippet i § 9 inneber at dersom det er utilstrekkeleg kunnskap om moglege verknader av tiltaket, skal ein ta sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Føre-var-prinsippet er vurdert, men er ikkje avgjerande for saka fordi den kjende kunnskapen er tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka.

§§ 4 og 5 – Forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar

Målet er at mangfaldet av naturtypar og økosystem, samt artar og deira genetiske mangfald, skal bli ivareteke på lang sikt innafor sitt naturlege utbreiingsområde. For naturtypar skal artsmangfaldet og dei naturlege prosessane som kjenneteiknar naturtypen takast vare på. Tilsvarande gjeld for artene sine økologiske funksjonsområde og økologiske føresetnader elles. NVE vurderer at omsynet til trua og/eller sårbare artar og vegetasjonstypar bør vektleggast sterkare enn dei som er vanleg førekommande, og at naturtypar med viktig verdi (B) eller svært viktig verdi (A) bør vektleggast sterkare enn andre naturtypar.

I influensområdet til Holåa kraftverk er det registrert to naturtypar med verdi viktig (B) som vil bli rørt av ei ev. utbygging: fossesprøytsone og fosseeng i juvet, og sjølve juvet (bekkekløft). I tillegg er det ein naturtype med lokal verdi (C) – myrområdet i skråningen øst for juvet - som blir sterkt rørt av utbygginga. Desse forholda vil vere viktige når ein skal gjere vedtak i saka.

Det er ikkje kjend at ei utbygging vil få konsekvensar for førekomstar av raudlista artar.

§ 10 – Økosystemtilnærming og samla belastning

Naturmangfaldlova § 10 fastset prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning. Dette inneber at ein må ha kunnskap om andre tiltak og påverknader på økosystemet, slik at ein kan identifisere den samla belastninga, jf. også formuleringa i § 8 om ”effekten av påverknader”. I vurderinga av samla belastning skal det takast omsyn til både allereie eksisterande inngrep og forventa framtidige inngrep.

Vassdraga i Ørsta kommune er påverka av fleire utbyggingar av ulik storleik, medan Norangselva med sideelver frå før ikkje er bygd ut. Nabovassdraget i sør – Langedalselva i Stranda kommune – er bygd ut med to småkraftverk, medan det er gitt avslag for eit prosjekt i ei sideelv til denne. Urkeelva, som er eit nabovassdrag med utløp til Norangsfjorden, er bygd ut med eit småkraftverk.

Det føreligg til no 14 søknader om utbygging av småkraftverk i Ørsta og Volda, og disse vil bli behandla samstundes slik at tiltaka kan sjåast i samanheng. Fem av desse prosjekta, Holåa ikkje medrekna, er i vassdrag som har utløp direkte til Hjørundfjorden, og for desse er gjort ei tilleggsutgreiing om kva konsekvensar dei omsøkte prosjekta vil få på fjordlandskapet.

§§ 11 og 12 – Kostnadene ved miljøskjemming og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Etter naturmangfaldlova § 11 skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som følgjer av tiltaket, dersom dette ikkje er urimelig ut frå tiltaket og skaden sin karakter. Bestemminga i § 12 gjeld val av driftsmetodar, teknikk eller lokalisering ”for å unngå eller avgrense skader” på naturmangfaldet.

Når NVE gir løyve til bygging av småkraftverk, blir det gitt eit sett av vilkår som etter NVE si vurdering tek i vare prinsippet i § 11. Vilkåra blir følgd opp med tilsyn for å sikre at bygging og drift skjer på ein miljømessig forsvarleg måte. Slepp av tilstrekkelig minstevassføring er eksempel på eit vilkår som vil bli fastsett ved ein ev. konsesjon, i samsvar med naturmangfaldlova § 12.

NVE sine merknader til fråsegner til søknaden

Av dei innkomne fråsegna til søknaden, er det berre Ørsta kommune som sluttar seg til søknaden, men med eit viktig tillegg om at inntaket bør flyttast nedanfor fossen i Konedalen ned til utløpet av juvet. I administrasjonens sitt framlegg til vedtak, var denne justeringa ein føresetnad for at kommunen skulle slutte seg til søknaden.

Ei løysing som kommunen oppfordrar til, var anbefalt i Ambio miljørådgiving sin miljørapport som følgde søknaden. Dette alternativet har tiltakshavar ikkje vurdert som eit aktuelt alternativ. Det går konkret fram av kap. 2.7 i søknaden at det ikkje er alternative utbyggingsløysingar, og i tillegg er dette stadfesta av søkjar og representant for grunneigarane, Steffen Nordang, i telefonsamtale den 14.8.2013.

Saksframlegget frå Ørsta kommune gjer elles greie for forhold knytt til m.a. vassdragsvernet direkte og indirekte, der det m.a. blir peikt på at juvet i Konedalen og Fossen i Holåa må sjåast på som viktige element i grunnlaget for vern av vassdraget.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har fremja motsegn til søknaden for Holåa kraftverk. Omsynet til biologisk mangfald, landskap, inngrepsfridom og vassdragsvern ligg til grunn for dette.

Fylkeskommunen tek ikkje direkte stilling til utbyggingsspørsmålet, men legg vesentleg vekt på omsynet til reiselivet, der vassdrag og fossar er eit viktig element. NVE vil i denne samanheng peike på at fossen i Holåa er ein av få synlege fossar i Norangsdalen, slik det går fram av notatet frå AMBIO miljørådgiving. Samstundes peiker FNF Møre og Romsdal på at Holåa også må sjåast i samanheng med fjordlandskapet i Hjørundfjorden, og at ei utbygging av Holåa vil vere svært synleg frå stien til Slogen.

NVE meiner det er tvillaust at Hjørundfjorden og Norangsdalen har landskapsmessige kvalitetar som er viktig for turisme og reiseliv i området. Fylkeskommunen meiner det er avgjerande at det ikkje blir gitt konsesjon til utbyggingar som skadar fjorden som reiselivsmål, og NVE meiner at dette har betydning for kva konklusjon som blir trekt i vurderinga av søknaden for Holåa.

Oppsummering

I vurderinga av Holåa kraftverk, er det etter NVE sitt syn liten tvil om at omsynet til vassdragsvernet talar imot ei utbygging. Det er omsynet til landskap, friluftsliv og reiseliv som er dei viktigaste for denne vurderinga, samt omsynet til biologisk mangfald. NVE meiner at tiltaket vil ha negative konsekvensar som ikkje kan avbøtast med tiltak. Verdien av Norangselva som eit verna vassdrag vil bli vesentleg svekka dersom Holåa kraftverk blir bygd.

Etter NVE si vurdering, vil ei utbygging som omsøkt vere i konflikt med vassressurslova § 35, 1. ledd, post 5. Fordelane ved tiltaket, som i hovudsak vil være utbygging av 5,38 GWh ny fornybar energiproduksjon, kan då ikkje tilleggast vekt.

Konklusjon

NVE kan i medhald av vassressurslova § 35, 1. ledd, post 8 avslå ein søknad om løyve til vasskraftutbygging i eit verna vassdrag dersom det er heilt klart at omsynet til vassdragsvernet talar imot, jf. § 35 1. ledd, post 5. Basert på føreliggande søknad med miljørapport og notat om konsekvensar for friluftsliv/reiseliv, samt innkomne fråsegner i samband med høyring/offentleg ettersyn, avslår NVE søknaden. Det planlagde kraftverket vil kome i konflikt med verneverdiane i vassdraget. Tiltaket vil føre til ei vesentleg endring av naturleg vassføring i Holåa, og vil ha negative konsekvensar for vassdraget sine verdier knytt til inngrepsfridom, landskap, friluftsliv og biologisk mangfald. Løyve kan ikkje bli gitt i strid med verneverdiane, jf. vassressurslova §§ 34


og 35, 1. ledd, post 5 og 8. Pga. tiltaket si plassering og verneverdiane sin art, er det NVE si vurdering at verknadane ikkje kan avbøtast med tiltak.

Denne avgjerda kan klagast på til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

Kopi: Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6150 ØRSTA
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Statens vegvesen Region midt, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Tussa Nett AS, Langemyra 6, 6150 ØRSTA
Istad Nett AS, Plutovegen 5, 6419 MOLDE
Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal, Kommunehuset, 6631 BATNFJORDEN
Miljøpartiet De Grønne Ørsta/Volda v/Erik Gyllensten, Røystuvegen 13B, 6103 VOLDA